

Å R S M E L D I N G

for

SOGN OG FJORDANE VILLREINNEMND, 2015

Sogn og Fjordane villreinnemnd har i 2015 bestått av fylgjande medlemmar:

Kommune	Navn	Villreinområde
Askvoll	Astrid Halstensen	Sunnfjord
Gaular	Lars Egil Viken	Sunnfjord
Førde	Arnfinn Ringstad	Førdefjella og Sunnfjord
Jølster	Ragnhild Sæle	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotn
Gloppen	Sølvi Anne Espeland Hope	Førdefjella og Svartebotn
Naustdal	Olav Svoen	Førdefjella
Stryn	Astrid D. Raftevold	Svarebotn
Lærdal	Guro Eri Jakobsen	Lærdal/Årdal
Årdal	Ole Bjarne Hovland	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Astrid Eitrheim Lerum	Vest-Jotunheimen

Vara har vore:

Kommune	Navn	Villreinområde
Askvoll	Gunnar Osland	Sunnfjord
Gaular	Ole Johannes Øvretveit	Sunnfjord
Førde	Bodil Støfring	Førdefjella og Sunnfjord
Jølster	Per Inge Indrebø	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotn
Gloppen	Sjur Atle Austheim	Førdefjella og Svartebotn
Naustdal	Inge Svorstøl	Førdefjella
Stryn	Olav Ø. Skåden	Svarebotn
Lærdal	Jarle Molde	Lærdal/Årdal
Årdal	Martine Holsæter	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Svein Tore Heltne	Vest-Jotunheimen

Leiar har vore Astrid Eitrheim Lerum frå Luster og nestleiar har vore Lars Egil Viken frå Gaular. Sekretariatet har vore ved Siri Bøthun Naturforvaltning i Fresvik, med Siri Wølneberg Bøthun som ansvarleg sekretær. Inkludert i sekretariatsoppdraget som fagleg rådgjevar er Per Aksel Knudsen, kan nås på tlf.: 32090965 eller e-post: peraksel@sbnatur.no. Nemnda har felles sekretariat med villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen.

Møteaktivitet:

Nemnda har hatt to plenumsmøter, dette var årsmøtet på Skei 08.04.2015 og haustmøte på Skei 09.11.2015.

Utover dette har representantar delteke på desse arrangementa:

- 3. mars Oppstartsmøte med inviterte partar ang. fornying av konsesjon for Fortun-Grandfaste. Ole Bjarne Hovland og sekretær deltok
- 3. juni Møte med fagutgreiar tema villrein for fornya konsesjon Fortun - Grandfaste, Luster kommune. Ole Bjarne Hovland og sekretær deltok
- 12. august Fornyng av konsesjon for Fortun-Grandfaste; synfaring for tema villrein og påfylgande arbeidsmøte, Turtagrø Luster. Sekretær deltok

Leiarane i villreinutvala vart inviterte til haustmøtet 2 av utvala var representerte i møtet (Sunnfjord og Svartebotnen).

Villreininteressene har vore representerte i fagleg referansegruppe for verneområdestyret i Naustdal-Gjengedal lvo. gjennom felles representant med Førdefjella villreinutval ved Vidar Aa Djupvik, leiar i utvalet, det har vore 1 møte i rådgjevande utval i 2015 (20.09.2016), Atle Fimland stilte som vara for Djupvik. I 2015 vart nemnda invitert inn i rådgjevande utval for verneområdestyret for Jotunheimen og Utladalen. Representant frå Luster vart vald inn.

Arbeid i nemnda

Mykje av sakshandsaminga har gått føre seg gjennom bruk av internett og telefon, noko som sparar tid og ressursar. Nemnda har motteke 18 saker for uttale i ulike plan- og forvaltningssaker. Mellom desse var 2 ikkje relevante, og 2 saker hadde fristar som gjorde at det ikkje var mogleg for nemnda å gje skriftleg uttale. Det var då berre ein dialog direkte mellom sekretariatet og sakshandsamarar. Nemnda svarte på utvalde saker når det gjaldt sentrale høyringar ang. lovendring. Til saman gav villreinnemnda skriftleg uttale i 12 saker. I tillegg har me gjeve råd direkte til fagutgreiar for villrein, fornying av konsesjon Fortun-Grandfaste og hatt fagdiskusjonar og dialogar med verneområdeforvaltarane i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og i Jotunheimen nasjonalpark/ Ultaldalen landskapsvernområde. Det har og vore e-post- og telefondialog med sakshandsamarar hjå kommunar, fylkesmannen, og med utvalsleiarane.

Viktige saker i villreinområda i Sogn og Fjordane i 2015:

På same måte som i 2014, har hovudtyngda av sakene i 2015 frå villreinområda Førdefjella og Vest-Jotunheimen. Det har og vore nokre motorferdslesaker i Sunnfjord.

- Informasjonsarbeid; nemnda har nær ferdigstilt ein informasjonsbrosjyre med mål om å skape bevisstheit kring villreinområda våre. Brosjyra er meint spreidd til kommunar, hjelpekorps, friluftsansjasjonar og andre aktive brukargrupper i villreinområda.
- Fornyng av konsesjon for Fortun-Grandfaste, søknad om ny konsesjon vart sett i gong i 2015, tema villrein får sin eigen fagutgreiing. Nemnda og villreinutvalet for Vest-Jotunheimen freista å løfte fokuset på fangstminner i samband med dette arbeidet.
- Det vart i 2015 sett i gong arbeid med ny forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Ei forskriftsendring har gjort at villrein er inkludert i verneformålet i Jotunheimen nasjonalpark.
- Utfordringa med små villreinstammer, genetikk
Villreinnemnda har ikkje arbeidd med konkrete tiltak i høve dette tema i år, men me har fått ei dreining av bestandsforvaltninga i to av dei minste områda (Førdefjella og Sunnfjord) der fokuset no vert dreia over mot ivaretaking av bukk, med ein større bukkeandel i stamma, framfor eit einseitig fokus på produksjonsdyra (simler).
- Villreinnemnda støttar oppom fleire av villreinutvala sine initiativ til å få i gong beitegranskingar. Dei har sett av ressursar i sekretariatet for å hjelpe utvala i gong med eit fellesprosjekt.

Økonomi

Budsjettet var på kr. 180 000 samla, eksklusive mva. Nemnda har nytta kr. 173 000 eksklusive mva, dvs. eit overskot på kr. 7000. Dette må seiast å vere eit godt resultat i høve til budsjett, tilsvarande for 2014 var eit underskot av same storleik. For meir detaljerte tal vert det synt til Økonomioversikt for villreinnemnda for Sogn og Fjordane for 2015.

Nemnda har ein trong økonomi, det er ikkje mogleg innanfor budsjetttrammene å halde meir enn to møter over ein dag pr. år. Større saker som treng oppfølging og møteverksemd fører raskt til underskot. Dette gjer det vanskeleg for nemnda å arbeide med viktige tema utover løpande høyringar.

Om dei ulike villreinstammene

Det har i 2015 vore jakt i fire av dei fem villreinområda. I Sunngjord var kalvetilveksten så dårleg at villreinutvalet valde å ikkje nytte seg av tildelte løyver. Under fylgjer ein kort status for kvart område, slik det vart presentert på haustmøte i villreinnemnda.

Generelt bær rapportane frå villreinområda preg av ein hard vinter og svært sein vår. Rekrutteringa er svak. Beitesommaren vart god for reinen, med kjølig sommarvær og ein mild haust med godt beite langt utover hausten. Slaktevektene var høvesvis bra for vaksne dyr, men det var fleire små kalvar enn vanleg.

Lærdal-Årdal villreinområde: Det er tald 270 dyr før kalving, ein fekk ikkje gjennomført kalveteljing. Det har vore normalt god jakt, men lågare fellingsprosent enn førre året. Dyra har stort sett gått i 2 ulike hovudflokkar i år, der den eine er ein bukkeflokk. Ein flokk på kring 100 dyr vart ikkje funne i jakta. Det er sannsynleg at han går i nordaustlege, og lite tilgjengelege delar av villreinområdet. Dyra nytta seg av andre område for kalving enn dei tradisjonelle, og dyra gjekk meir spreidd enn vanleg på forsommaren. Dette er trekk ein kan kjenne att også frå andre villreinområde i år. Det er ein jamn fordeling i høve alder og kjønn i jaktuttaket.

Førdefjella villreinområde Førdefjella oppnådde sitt bestandsmål i 2013, ei vinterstamme på kring 100 dyr. I 2015 var det dårleg produksjon og høy naturleg dødelegheit grunna ekstremvinter med mykje snø og svært sein vår. Berre 9 av 20 tildelte løyve vart nytta. Dei vaksne dyra var framleis av god kondisjon om hausten, men det var både ferre og mindre kalvar enn vanleg. Det er anslege at stamma teller ca. 70 dyr etter jakt.

Søknad om ny valdgodkjenning er under arbeid.

I Sunngjord villreinområde har vinteren vore sær hard. Alle delområda hadde hausten 2015 mindre dyr enn bestandsplanmålet, og total tilvekst har vore 0 i 2015. Villreinutvalet valde å halde att alle tildelte løyver, og returnerte korta ubrukte. Tidleg vår såg det ut til å bli mykje kalv jfr. gevirbærande simler, men totalt kalvetal i området vart berre 14 (mot 30 kalv i 2014) (Ytre: 5, midtre: 8, indre: 1). Av desse vart dei 8 kalvane på midtre område fødte ekstremt seint, dvs. langt ut i juni månad. Berre på ytre område var kalvingstidspunktet normalt. Det vart gjort eit kadaverfunn tidleg haust. Sein vår/tidleg sommar vart det funne i alt 6 omkomne simler på midtre område. Dyra har i vinter og vår nytta område heilt i ytterkantane av villreinområdet. Oppsummert er det no ca. 100 dyr i området (bestandsmål 150) fordelt på 30 dyr på ytre, 43 på midtre og 25 - 27 på indre. Det vart svært gode beitetilhøve i sommar, og dyra ser no ut til å være i god kondisjon. I sommar har ca. 15 dyr, truleg frå midtre, vore på «sommarferie» i Balestrand, men kome att litt ut på hausten.

Ein ser at dyra trekker seg ut frå tradisjonelle beiteområde eit stykke utpå vinteren, tidspunktet fell saman med tida for auka skiaktivitet. Det er observert ei auke i talet på skiløparar som reiser på topptur med utforkjøring ned att i desse områda.

I Svartebotnen villreinområde har dyra klart seg betre gjennom vinteren og våren enn i dei andre områda. Vinterstamma på 60-70 dyr har produsert 20 kalvar, noko som lyt reknast som normalt for området. Også her har dyra gått meir spreidd og nytta ytterkantane. Ein lurar og på om ein liten flokk har reist ut av området, då det sagnast ca. 15 dyr. Ein har tidlegare erfart at dyr har trøkke over Jostedalsbreen, og vorte tapt frå området. Slaktevektene bekrefta inntrykket av god kondisjon, m.a. m bukk på 91 kg. og kalv opp til 28 kg. Det var likevel fleire små kalvar enn vanleg. Det vart funne ei død simle i forkant av jakta.

Dyra er spake, og det er eit lågt konfliktnivå trass ferdsel knyt til skisenter og bilveg gjennom området. I aust er det overlapp med Jostedalsbreen nasjonalpark. Det har ikkje vore høyringssaker som gjeld området i 2015. Dyra er i god kondisjon, og kalvane er jamt over store.

I Vest-Jotunheimen villreinområde

Fellingsprosenten er den same som i 2014, men det er felt færre dyr då det var ei lågare kvote. Ein ser ei høvesvis stor ulikskap i kjønn på dei felte dyra, med dobbelt så mange hanndyr som hodyr.

Ein har utfordringar med stor menneskeleg ferdsel i området. Dyra vegrar for å krysse Tindevegen om sommaren (vegen er vinterstengd). Sognefjellsvegen er ein barriere mot beiteområde nord for vege og mot utveksling med Ottadalen villreinområde, og langs aksen Sognefjellshytta-Fanaråken er turiststraumen ein barriere som hindrar fritt trekk mot austlege, og lite nytta delar av villreinområdet. Det er positivt at verneområdeforvaltninga held fokuset på tilrettelegging for ferdsel lengre nord i nasjonalparken. Kommunen gjekk vekk frå forslaga om opning av nye vegar med standard for bilkjøring innover i villreinområdet då den nye kommuneplanen vart vedteken.

Utfordringar for forvaltninga

Fleire av områda saknar kunnskap om beitegrunnlaget i villreinområdet, særleg gjeld dette vinterbeita, då alle områda har rikelege sommarbeiter.

Me ser at det er viktig å spreie kunnskap om villrein og om villreinområda i kommunal og regional forvaltning. Villreinnemnda vil arbeide vidare med informasjonsmateriell så sant dei økonomiske ressursane strekk til.

Eit auka fokus på verneområde inkl. ei marknadsføring av fjellområda som flotte rekreasjonsområde er med på å auke ferdsla i villreinområdene. Dersom dette ikkje skal få konsekvensar, i form av fortrenging av villrein frå viktige beiteområde både sommar og vinter i større omfang enn i dag, vert det viktig å arbeide for kanalisering og styring av denne auken til mindre sårbare område.

3 av villreinområda våre har små stammer, og tema genetikk er viktig både for desse og for dei to mellomstore stammene som har vore gjennom flaskehalsar i form av nyetablering og

kraftig bestandsreduksjon. Me ser fram til resultat frå det pågåande forskingsprosjektet som innhentar genetisk materiale frå små villreinbestandar v. stipendiat Kjersti Kvie under rettleiing frå prof. Knut Røed.

Med dette vil vi få takke alle samarbeidspartnarar, spesielt villreinutvala som gjer en god jobb med bestandsplanlegging, teljingar og gjennomføring av planar.

16.03.2016

Astrid Eitrheim Lerum
- *leiar* 2012 - 2015 -

Siri Wølneberg Bøthun
- *sekretær* -